

# Kommunal planlegging

behovsvurdering og medverknad gjev betre planar




# Korleis få til;

- god involvering og eigarskap
- planar med “fornuftige” målsetjingar og prioriteringar
- god samanheng med andre planar
- planar som fører til handling
- “store” satsingar (i ein liten kommune)? - realisering av Hyllestadhallen - eit godt døme



# Kven er vi?



# Hyllestad kommune

- 1366 innbyggjarar
- svak økonomi
- negativ folketalsutvikling
- ingen kommunar ville ha oss med..
- skipsbygging og elektro
- matproduksjon
- sentral plassering
- frivillig sektor
- optimisme

*inkluderande og attraktiv*



# Hyllestad Idrettslag.

Skipa 04. februar 1950

- 368 medlemma.
- Driv 100% på dugnadsbasis.
- I 2000 hadde vi ferdig nytt idrettsanlegg med kunstgrasbane og klubbhus.
- 2010 Rehabiliterert kunstgrasbana og nytt del- friidrettsanlegg.
- 2017 ny rundløpsbane.
- Allsidig idrettslag med fokus på breiddeidrett.
- Aldersbestemt fotball, A-lag fotball, friidrett, barneidrett, bogeskyting, fjelltrimgruppe og biljard.
- Biljard har vore den store satsingsgruppa vår dei siste 22 åra.



# Hyllestad IL Biljard — eit godt miljø på tvers av alder og kjønn



*Bilete frå ei rekrutt trening i februar 2018*



# Hyllestad sin første Europameister, Nina Torvund!



# Involvering og eigarskap

- revisjonsmøte (oppstartsmøte) i samarbeid med Fylkeskommunen og Idrettskretsen (også FNF)
- invitere til fleire opne møte- men det er ikkje nok
  - oppsøke/invitere seg ut til “ekspertane” (elevråd, ungdomsråd, idrettsråd, idrettslag, grendalag osv.)
- plangruppe + referansegruppe (t.d. Fylkeskommunen)
- dialog med aktørar i prosessen og spesielt om handlingsprogrammet
- idrettslaget tek aktiv plass med dialog med kommunepolitikarane og kommuneadministrasjonen.





# Målsetjingar, behovsvurdering og prioritering

- nasjonale- og regionale føringar
- sjå til forskning, samt lokale data (lokal status)
- mål og tiltak i samsvar med overordna kommuneplan
- god samanheng med andre temaplanar, t.d. folkehelseplan
  
- anleggsutvikling er tiltak- ikkje overordna mål
- vi må spørje oss om kva tiltak gir størst effekt?
- “Hyllestad treng ikkje ballbingar i alle grender”

Hugs at anlegg skal driftast i 30 år, også etter rehabilitering!



# Planar som fører til handling

- etter ein god prosess med involvering så endar planen opp med eit breitt **eigarskap** og **eit konkret handlingsprogram**
- alle har lik forståing av overordna mål, ein er **samde om prioriteringane**, og delmåla er brotne ned til konkrete tiltak
- andre føresetnader er på plass, m.a. menneskelege og økonomiske ressursar, forventingar om oppfølging og **påtrykk for at tiltak blir gjennomført**

***NB! ikkje gap for høgt!***



# Døme frå regional plan i SFJ.:

***Redusere sosial ulikskap og økonomiske barrierar for deltaking i idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv gjennom:***

*t.d. gratis skikort til 4. klassingar, reduserte leigeprisar for idrettsanlegg, reduserte treningsavgifter, gratis prøveperiodar, tilskot*

Ansvar: **kommunane**, idrettskrinsen, FNF og fylkeskommunen



# Døme frå handlingsplanen Hyllestad:

Mål	Tiltak	Ansvarleg
Alle under 18 år er fysisk aktive minimum 60 minutt kvar dag.	Hyllestad barnehage har fysisk aktivitet, leik og friluftsliv som eit av satsingsområda, og alle born får varierte fysiske og motoriske utfordringar kvar dag	Styrar
	Hyllestad skule innfører ein time fysisk aktivitet, som ein integrert del av skulekvardagen, for alle alderstrinna i løpet av planperioden	Skuleleiing /personale
	Ein aukar fokuset på sunt kosthald	Skule- og barnehageleiing/ personale
	Det blir lagt til rette for at elevane får tilbod om sunn og god skulemat	Skuleeigar
	Alle skuleelevane må ut i friminutta og det blir lagt til rette for varierte aktivitetar	Skuleleiing /personale
	Det blir innført mobilfri skulekvardag	Skuleleiing /personale/ skuleeigar
	Skulen tilbyr valfag i friluftsliv eller fysisk aktivitet	Skuleleiing /personale
	Skulen gjennomfører leirskule for 7. klasse med fokus på fysisk aktivitet og friluftsliv	Skuleleiing /personale
	Skule og barnehage vidareutviklar sine uteområde, slik at det legg til rette for og innbyr til fysisk aktivitet	Skule- og barnehageleiing/ personale
	Aktivitetsskapande nærmiljøanlegg blir etablert i buområde.	Lag og organisasjonar
	Helsestasjonen og skulehelsetenesta skal rettleie og gje informasjon om fysisk aktivitet	Helsestasjonen
	Idrettsanlegget i Hyllestad sentrum vert vidareutvikla og stimulerer til varierte aktivitetar, både organisert og meir uorganisert	Lag og organisasjonar
Ungdommar deltek i organiserte aktivitetar	Lag og organisasjonar	



# Hyllestad skule - 2017



# Hyllestadhallen - planprosess

- teke med som liten fleirbrukshall i kommunal plan for 2011-2015
- idear drøfta i samband med omstillingsprosjekt om sentrumsutvikling i 2012
- forprosjekt i 2015/2016
- oppgradert til normalhall i kommunal plan for 2016-2019
- leverandørkonferanse i samarbeid med NHO våren 2016
- design & build, anbod utlyst > negativt vedtak des. 2016
- ny utlysing > positivt vedtak des 2017
- byggestart april 2018, ferdigstilling august 2019
- ein lang veg, men med tolmod og god jobbing er vi i ferd med å realisere målet.



# Hyllestadhallen – funksjonell og rimeleg



# Hyllestadhallen - funksjonar

- normalhall 45 \* 25 m.
- 4 garderober (1 sett med direkte inngang)
- treningsrom og spinning – **samspelsfase**
- sosialt rom
- aktivitetssal for biljard
- klubblokale, lager, kontor mv. og garderobe – **samspelsfase**
- buldrevegg/klatrevegg – **samspelsfase**
- buldrevegg ute (nærmiljøanlegg) – **samspelsfase**
- kultursal? - **samspelsfase**





# Hyllestadhallen - nøkkeltal

- 2880 m<sup>2</sup>
- 300 m<sup>2</sup> til skule- og kulturskule
- 45 mill. inkl. inventar og utstyr 56 mill inkl. mva.
- 15600 kr./19500 kr. pr. m<sup>2</sup>
  
- Spelemiddeltilskot 14,6
- Kulturbyggmidlar 1 mill.?
- Gåver ca. 3 mill
- Mva. refusjon ca. 8 mill (ca. 2 mill. i mva. kostnad)
- Netto Hyllestad kommune ca. 30 mill (10500 pr. m<sup>2</sup>)



